

Publisert av Fjordingen: onsdag 1. mai 2024

## Historisk dag for Gamle Innvik Ullvarefabrikk

For første gong i historia hadde Gamle Innvik Ullvarefabrikk besøk av buss med turistar frå eit cruiseskip som låg til kai i Olden tysdag.



Turistar frå England: Familien Nick, Jodie og Mia (8 mnd) frå Cornwall fann seg godt til rette blant vevane produkt i 2. etasje.


Det var snakk om om lag 40 turistar som skulle kome, men så mange vart det ikkje pga avbestillingar.

Men dei som kom, fekk ei roekte oppleving av ein gamal industribygning frå 1890-talet med lang og spennande historie. Dag Vanberg og Per Ove Reme var lokale og kunnskasprike guidar. Turistane var frå England, så budskapen måtte sjølvstilt formidlast på deira språk. Og det fungerte bra. Turistane var svært nøgde med det dei fekk formidla om gamle vevemaskiner og tekniske løysingar.

Undervegs vart det tid til te, kaffi og lefser. Det smaka sjølvstilt bra. Og av og til var det greitt å kunne setje seg ned for store og små.

Til dette besøket hadde Steinar Hilde i firmaet Filmdigitalisering AS laga ein godt samansett film om historia til Gamle Innvik Ullvarefabrikk, der han viste utviklinga frå gamal tid til den nye fabrikk Innvik AS.

Konklusjonen til engelskmennene var tydeleg: «We love the norwegian country and this old factory...»



Viste film: Steinar Hilde fotografert framfor sin eigen film. **FOTO: GEIR-STÅLE VATNAMO**



Pause: Turistane kosar seg i sofabenken i vevstova. **FOTO: GEIR-STÅLE VATNAMO**